

1. Ein hev mytta bjørkeris, raunekrister og selje-
keinar, og brukar då å segja at ein svigar (svøgar)
eller risar. Namnet på dette foret er svig eller
ris. Det er mest bjørk ein nyttar, men også raun
når knuppene er sprutne - serleg.
2. Ein kallar dette å sviga eller å risa. Og ein bind
sviget (riset) i byror og ber det heim frå der som,
dei hev feltt breet.
3. Ein hentar heim svig i mars og april. Når bjørke-
knuppene spreitt bryr kreberi seg lite um riset. Ein
køyrer ikkje bre heim og svigar dem i burret.
4. Til sviging av bjørkeris brukar ein vanleg sigd,
sjeldnare laotkniv, (ein kniv med krok i odden).
5. Kyrne får bjørkesviget - og det, som det er for seg
sjølv. Gjei plar få raune bromet.
6. Dette foret legg ein i loda til det vert brukt.
Å sleppa kyrne åt beitaosten er ukjent i bygdi.
7. Skikken å henta heim svig laugfredag skal ha
vore i bruk - bruleg til 1870 åri - men er no
ukjent i Kvinnherad. Korleis dei tok sviget melder
ikkje segni noko um. Men raune og selje brom
vart brote med hendene i 1880 åri og. - - Det
vart slutt med å sviga i 1890 åri, litt etter skoringi
var avlagd.

Tillegg:

Vanleg røysløng var mykje mytta som hjelpefor
på vårparten. Det vart skore med sigd eller slege
med ljå og bore heim i byror. Dette kalla dei
"å lynge". No - i 1900 talet - er det mykje slutt
med lyngingi, - etter folk tok til "å selja på seg"
mindre buskap.

Arne Stuland,
Rommetveit,
Stord.

Hordaland,
Kvinnherad,
Omvikdalen.

Oppskrifta er
etter eige
røynsle.

Eg er fødd 1871
gbr. og lærar.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8. Fylke: Hordaland.
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Kvernherad.
 Emne: Bygdelag: Omvikedalen.
 Oppskr. av: Arne Stubaud Gard:
 (adresse): ^{nt} Rommubreit, Stord. G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Avskrifti er etter eigi røynsle. Eg er fødd 1871; gbr. og lærar.

SVAR

20. Ein skjewel, fleire skjewlar; skjewelen, skjewelane.
 21. Skar.
 22. Ein skjew også av fjukke tre som ikkje er for gamle. Ved en skjew er er lenger enn vanleg brennesed.
 23. Skjewel - i fleital skjewlar. Dei fjukke kallar ein gjerne skar kubb, og dei granne skjewel.
 24. Skaret skal vera ^(mari) burt med noko av borken og noko av ykste veden med fram borken. Difor er alltid skarponen skoren på sni i borklaget. Dette gjeld serleg skarponen av fjukke kubbar.
 25. Dei avskarne skjewelane vart nytta til bakstved og burkesed - når dei burka kom.
 26. Ein hende gang kann ein vel bruka skar enno i vorknipa, men det vart slutt med skavengi i 1880 og 90 år.

Vend!